



Til medlemmene i SU 2024-25 ved Bryne ungdomsskule

## **Referat frå møte i SU tysdag 29. oktober 2024 kl. 19.00**

### Sakliste:

1. Presentasjon av medlemmene i SU og organiseringa av SU etter ny opplæringslov. Time kommune har vedteke at SU ved skulane skal ha same samansetjinga som tidlegare, dvs to føresette, to elevar, to representantar frå kollegiet og to frå kommunen.

2. Info frå skulen

Skulen jobbar med anti-mobbearbeid og livsmestring i form av Olweus programmet og Robust programmet. Dette er timeplanfesta og rullerer i alle klassane kvar veke. Skulen meiner Olweusprogrammet er bra og viser at BUS klarer å halda mobbetala lågare enn landssnittet og omkringliggjande kommunar. BUS har tidlegare hatt kurs i livsmestring, som me har laga sjølv. Er glade for at me nå har Robust, eit forskingsbasert program som er utvikla av Læringsmiljøsenteret ved UiS.

Tilsette, elevar og rektor informerte om aktivitetar på dei ulike trinna denne hausten (Verdsdagen for psykisk helse, Hei verden, Utdanningsval på 10. Trinn, overnattingstur, aktivitetar på 8. trinn og nasjonal prøve)

3. Utviklingsplanen 24-25

BUS har ein utviklingsplan som skal visa kva skulen treng og ønsker å jobba med dei neste 3-5 åra. Bakgrunnen for planen er kunnskapsgrunnlaget for skulen som er alle resultat, elvsamtalar, utviklingssamtalar, elevsamansetjing, samansetjing av personalet, kort sagt alle data me har om skulen vår. I tillegg jobbar me etter overordna planar for kommunen, særleg strategiplan for Oppvekst.

Målet for Bryne ungdomsskule den komande tida er: Minst 96% av elevane skal får tilfredsstillande utbytte av opplæringa i ordinær undervisning innan 2029.

Utviklingsplanen ligg ute på skulen si heimeside.

4. Ny Opplæringslov og Tilpassa opplæring

Rektor gjekk gjennom Kap 11 i den nye opplæringslova som gjeld Tilpassa opplæring.

5. Høyring skuleruta 2025-2026

Su ved BUS hadde ikkje innvendingar eller kommentarar på skuleruta.

6. Økonomi

Time kommune har dårleg økonomi og må spara inn dei komande åra. Ved BUS har me eit underskot på fastlønn og på driftsbudsjettet, men skulen har sett inn tiltak fram mot sommarferien.

SU er bekymra for situasjonen til skulane framover og er redde at store sparetiltak vil syna igjen i seinar drop-outs og andre utfordringar som vil kosta kommunen enda meir. Representantar for dei tilsette er også uroa.

#### 7. Høyring skulekrinsar

Høyringssvar frå SU ved BUS er sende til fagstab.

SU meiner:

1. Uendra kringsgrenser for barneskulane.

SU etterlyser tryggare skuleveg for elevane i Stemmen grunnkrins, særleg dei minste og meiner at det kanskje er tryggare for dei å gå til Rosseland skule. Dette gjeld også for elevar på Elisberget.

2, Grunnkrets Stemmen til Hognestad skule

Dette er eit svært dårleg forslag, då avstanden er for stor, det trengst skyss som kostar, og bygningsmassen på Hognestad skule er for dårleg. Føresette meiner at dei som foreldre også er svært i mot dette forslaget.

3. Grunnkrets Stemmen til Rosseland skule

Dette er eit veldig godt forslag med tanke på barna sin tryggleik på skulevegen.

4 Heile Norheim grunnkrets til Vardheia ungdomsskule

Veldig bra. Elevane i SU meiner det er viktig at det er bestemt kva ungdomsskule dei skal gå på frå dei startar i 1. klasse. Føresette meiner elevane er for små til å velga kor dei skal gå, dette er ikkje eit val barn skal ha. Dei meiner også at skuleval er på føresette sine premissar og at det kan føra til ekskludering av barn allerede i ung alder.

SU meiner også at alle elvane uavhengig av skule og trinn bør få fortsetja ut skulegangen for sitt skuleslag.

Elsa D Jerstad, referent